

Visitasedrag ved bispevisitas i Loddefjord, Bergen, 7. desember 2025

Kjære Loddefjord kyrkjelyd!

Det har vore fine visitasdagar her i Loddefjord. Det var flott å starta visitasen med morgongudsteneste med tidebøn i kapellet på tysdag, for kyrkja er i sin kjerne ein stad for bøn. Kristus er livet i kyrkjelyden og bøna er pulsslaget i det kyrkjeleg nærvær i lokalsamfunnet. Eg er takksam for alle dykk som trufast møter opp og ber for kyrkja og lokalsamfunnet.

Desse dagane har eg blitt godt kjent med kyrkjelyden gjennom ei god og informativ visitasmelding og gjennom samtalar og møter med prestane, staben og soknerådet.

Eg har møtt Loddefjordsamfunnet gjennom besøk på Vestkanten og fått vaffel på Kyrkjebenken og hatt samtale med senterleiar. Eg har vore med på skulegudsteneste for Mathopen skule på Haakonssvern, hatt møte med rektorar og lærarar i Olsvik og Loddefjord, vore på bibelgruppe i bufellesskapet og vore innom både barneklubben og knøttesang her i menighetshuset.

Her var det og ein flott menighetsfest med innlagt juleverkstad på tysdag.

Etter ein visitas skal biskopen oppsummera sine inntrykk i dette visitasedraget, som er blitt til i samarbeid med kyrkjefagsjef Tore Skjæveland og etter samtale med prost Gudmund Waaler.

Det er foreslått å ha ein hage rundt kyrkja, og ein hage er eit godt bilete på livet i kyrkja, allereie Paulus brukte det: «Eg planta, Apollos vatna, men Gud gav vekst.» Kyrkja treng å så sine gode idear i bøn og samtale og samarbeid. Ein treng bonden si omsorg gjennom tolmod og trufast arbeid, og ikkje minst evna til å omstilla seg når forholda krev det. Korleis hausten blir, veit ein ikkje før den er der, men Gud har lova at han vil gje vekst og det løfte vil me halda fast på.

Her i Loddefjord ser eg ein kyrkjelyd med mange vakre blomar, nokon fullt utsprungne, andre i knopp, og me gler oss til å sjå kva det blir. Og det er mange som vatnar og steller.

Og kyrkja dykkar er jo også som ein nyutsprungne, for ikkje å seia nyoppussa, blom. Den håpar eg de vil bruka enno meir flittig. For me treng ein stad å møte både Gud og kvarandre, og her har de ein vakker stad. Me treng å høyra den gode bodskapen om Jesus, at ein frelsar er oss fødd, oftare enn kvar jul. Og ikkje minst treng me å be og takka og lovprisa Gud for hans kjærleik og nåde mot oss. Difor: Gå til gudsteneste regelmessig, både for dykkar eiga skuld og for å gje Guds ære.

Loddefjord har eit **verdidokument** for kyrkjelydsarbeidet. Det er flott, for det ikkje mange som har. Det er gjort eit verdifullt arbeid med å tenka gjennom kva de vil seia å vera kyrkje i Loddefjord og kva de vil skal prega kyrkjelyden. Dette må de bruka som eit levande dokument der de spør: Kva betyr dette konkret i det me gjer?

Verdiane dykkar er tenande, misjonal og utrustande.

Til det **tenande** høyrer diakonien og det kyrkjelege nærvær i lokalsamfunnet.

Her skjer det mykje godt diakonalt arbeid i regi av diakoniutvalet og mange frivillige medarbeidarar. Aktivitetane spenn frå babysong til formiddagstreff for dei litt eldre til blomeutdeling til dei eldste.

Det er uttrykt ynskje om diakon slik det var før, men akkurat som i hagen, så skifter tidene. Difor tenker eg at slik det er organisert no, at ein brukar diakonar i 13-20-prosjektet, det er helt rett når ein ser dei utfordringar ungdomar i Loddefjord bydel har. Og det viser kyrkja sitt tenande samfunnsengasjement og nærvær.

Eg ser og at tenande kan vera ei god overskrift til korleis de bruker menighetshuset. De er rause med utleige og gjev plass til kristne søsken i den eritreiske kyrkjelyden og kyrkjelyden frå Sri-Lanka. Eg vil gje ros til dei som brukar si tid til organisering og å halda huset i god stand så det kan vera kyrkjelyden si storstove.

Tenande er også planen om å bruka ein del av kyrkja sin eigedom som ein hage, ein parsellhage til glede for folket i Loddefjord. Det er flott at de arbeidar med korleis kyrkja på ulike måtar kan vera ein aktiv del av lokalsamfunnet.

Korleis den konkrete utforminga vert, er blant anna avhengig av fylkeskommunen som skal uttala seg om bruken av området rundt listeførte kyrkjer, og me vonar at saka kan vera ferdig før våren.

Misjon er neste verdi. Med ein erfaren misjonær som sokneprest, så er det ikkje til å undra seg over at misjonsengasjementet er levande med to organiserte misjonsengasjement: Vadmyra Santalforening og misjonsprosjektet til kyrkjelyden til støtte for Normisjon sitt arbeid «trygg barndom» i Bangladesh.

I verdidokumentet står det at det misjonale også betyr «engasjement som gir lyst og vilje til å dele troen på Kristus.» Det er ei god overskrift for gudstenestelivet og kyrkjemusikken. Ulike gudstenestetypar vekker engasjement hos ulike menneske.

Og når det gjeld **kyrkjemusikken** er vel ingen som var på gudstenesta i dag i tvil om at det er med å løfta både gudstenesta og lovsongen. Både dei tradisjonelle formene og dei litt nyare har sin plass i kyrkja.

Her er de velsigna med ein dyktig kyrkjemusikar som har kan diska opp med kyrkjekonsertar og eit kyrkjeband til dei vanlege og dei spesielle gudstenestene.

Utrustande er og ein verdi de lever etter. Det handlar om kunnskap, opplæring og inspirasjon, og det handlar om bøn og gudsteneste. Det er undervisningsarbeid og opplæring retta mot born, ungdom og vaksne. Det er bibeltimar, morgongudsteneste kvar veke, formiddagstreff og lovsongsgudstenester.

Det er både barneklubb, etter skoletid, barnekor og tweens-arbeid. Og eit godt barnearbeid, det er verkeleg så-arbeid i Guds hage.

For å bruka hagemetaforen, så er det ei sak som no er som ein mogen frukt. Det er samarbeidet **skule-kyrkje**. Eg fekk vera med på eit oppløftande møte med rektorar og lærarar som kapellanen leia. I staden for ein diskusjon for eller imot skulegudsteneste vart det ein god samtale om kva ein kan samarbeida om innanfor skulen sine planar. Og det er mykje.

Det vart nemnd både besøk i kyrkja og på gravplassen, undervisningsopplegg, ikkje minst om sorg. Og fleire drog fram kva kyrkja sine prestar og diakonar hadde betydd når dei opplevde sorg på skulen. Det betyr at tida er mogen for at kyrkjelyden tar eit initiativ ovanfor skulane for å planlegga samarbeid og laga eit århjul eller ein plan.

Takk

Til slutt vil eg takka alle som har vore med å gjera dette til ein flott visitas med mange gode opplevingar. Eg vil takka prestane, soknerådsrådsleiar, menighetspedagogar, administrasjonsleiar, områdeleiar og kyrkjeverje og alle andre som har vore med å skrive visitasmeldinga. Takk til staben for god tilrettelegging og takk til alle frivillige som har bidratt. Takk også til prost Gudmund Waaler som har vore med å planlegga

og gjennomføra visitasen, og som er biskopens utstrekke arm til sokna i Domprostiet og til Loddefjord når biskopen ikkje er her.

Og så, som ei oppsummering av visitasen, nokre utfordringar til dykk om å vera nettopp tenande, misjonale og utrustande.

Og om eit halvt år vil eg ha ein rapport om korleis de har arbeidd med dette:

- Fyll denne nyoppussa kyrkja. Gå til gudsteneste regelmessig, både for dykkar eiga skuld og for å gje Guds ære.
- Tida er mogen for å utvida samarbeidet med skulane. Rektorane er positive. No må de ta eit initiativ og starta arbeidet med ein skule-kyrkjeplan.
- Her er ein stab som har det godt saman, er vennlege og har ei god ånd. Hald fast på det. Det er det beste grunnlag for å ta imot nye og staka ut ein kurs for framtida.
- Ver frimodige og hald fram med å sjå kyrkjelyden som ein viktig aktør i lokalsamfunnet i Loddefjord. Tenk samarbeid og samhandling med andre, både innanfor kultur, samfunnsliv, oppvekst og helse.

Og med desse utfordringane takkar eg for meg og reiser frå Loddefjord med mange flotte inntrykk.

Eg vil bere dykk alle og desse dagane i hjartet, og ynskjer Guds velsigning over folket i Loddefjord.

Bjørgvin bispestol, 7. desember 2025

Ragnhild Jepsen